

Årsrapport 2015 SNO-Sogndal JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK



13.november 2015
Statens naturopsyn, Miljødirektoratet
Anne Rudsengen

Føreord

Dette er femte årsrapporten frå SNO-Sogndal til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2015 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Arbeid gjennomført etter «Bestillingsdialogen» mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2014 er omtalt og utkvittert i vedlagte skjema. Også i år har det vore mange oppgåver som har blitt løyst i eit samarbeid mellom nasjonalparkforvaltar og lokal SNO. Utforming og uplassering av nye åtvaringsskilt framføre brear og eit samarbeid om det, samt gjennomføring av ferdselsvegen over Kamperhamrane som «Historisk ferdselsrute» har vore to sentrale oppgåver. I tillegg til sluttføring av stirestaurering i Oldeskaret og Lundeskaret.

Arbeidet som SNO utfører blir i stadig større grad dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde, og i Verneområdeloggen vil etter kvart alle tiltak og alle anlegg i nasjonalparken bli kartfesta og vist med bilde.

Anne Rudsgen
Naturopsyn
tlf: 95963888

Framsidefoto: Frå Oldeskaret med utsikt mot Briksdalsbreen.


Innhold

Førord.....	1
Innhald	2
Innleiing	3
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a	3
Kontroll og tilsyn	5
Bos i nasjonalparken	5
Formidling og informasjon	7
Kamperhamrane: Opning som Historisk vandrerute	7
Gernseskilting og informasjonsskilting.....	8
Informasjon om farane ved breane	8
Registrering og overvaking	10
Registrering av besøkande	10
Artsobservasjon – rovvilt	11
Kartlegging av funn smelta fram frå breen	12
Registrering av tekniske installasjoner.....	12
Omtale av tiltak.....	13
Restaurering av stiane opp Oldeskaret og Lundeskaret	13
Oppfølging av dispensasjonsaker og tiltak.....	14
Vedlegg: Skjema A - Innspill og forventinger fra FM/områdestyrer til SNO på SNO's kjerneroppgaver	16
Vedlegg: Skjema B. Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneroppgaver.....	17
Statens naturoppsyn (SNO).....	18

Innleiing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvalningsstyresmakta og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakgrunnen for å stake ut kurset for neste år.

Årsrapporten gir også ein liten større bilde av arbeidet til lokal SNO utover Jostedalsbreen nasjonalpark.




Mellan Strupen og Befringsstøylen i Jølster


Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

Figurane på andre sida viser oversikt over brukt av SNO-lokalt si arbeidstid (fram til 1.oktober) fordelt på ulike verneområde og fagområde.

Andre tal (fram til 1.oktober) frå lokalt SNO sin statestikk frå feltdagboka er: 546 timer brukt ute (46,3%) og 633 timer (53,7%) brukt på kontor/garasje/planlegging/møte. Tilsaman 514 km på ski og til fots gjennom året. Statestikken seier ikkje noko om tal høgdemeter som er gått ...



Tal arbeidstimar fram til 1.oktober brukta på dei ulike verneområde, både ute og inne.



Tid brukta på ulike arbeidsoppgåver. NP=nasjonalpar og landskapsvernområde, VO=andre verneområde.

Kontroll og tilsyn

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. I 2015 vart det ikkje meldt noko brot på verneforskrifta. SNO har munnleg vore i dialog med aktørar i Brenndalen i Oldedalen om opprydding av øydelagde tretrappar og ei bru som ikkje er forsvarleg som bør fjernast. Det er førebels ein diskusjon mellom dei som er ansvarleg for tiltaka og grunneigar om vegen vidare.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Når nærveret av oppsyn eller forvaltning ikkje er så ofte, kan det bli sett i gang tiltak som skulle ha vore omsøkt. Dette gjeld gjerne tiltak som merking av nye stiar. Dette er tiltak som er **godt meint**, men likevel tiltak som skal omsøkast. På stader der det har vore rydda og merkt tidlegare, kan ein halde fram med dette, men nokre gongar blir nymerkinga litt for mykje, feil og/eller at det ikkje blir halde ved like.

Vedlikehald av eksisterande bygningar i nasjonalparken er det direkte opning for i verneforskrifta. SNO ynskjer at det blir tydlegare kva det er opning for innafor verneforskrifta og kva det må søkast om.



Rett og fin merking frå Indre Nordfjord Turlag på stien over Kamperhamrane

Bos i nasjonalparken

Eit av tiltaka i år var å hente ut bos frå ein gammal bre-ekspedisjon. Det var britar som gjennom nokre sommarsesongar på 50-talet etablerte ein leir innafor Tverranibba i Jostedalen, på kanten ovafor Tunsbergdalsbreen. Ulike målingar av breen var føremålet med ekspedisjonen. I fjar vart det gamle ekspedisjonsområdet lokalisert og i år kom ei fjellgruppe frå universitetet i Nottingham tilbake i lag med to av dei ansvarlege frå 50-talet. Boset vart samla og noko av materialet som kan ha historisk verdi vart gitt til Breheimssenteret. SNO organiserte uthenting med helikopter.



Det gamle ekspedisjonsboset var mykje gamle hermetikkboksar og målestenger frå bruk på breen. Tunsbergdalsbreen i bakgrunnen



Framleis spor etter torva som vart bore opp frå Røykjedalen på 50-talet for å vere underlag for vêrstasjon

Ved dei mykje brukte innfallsportane er det organisert med både toalett og bosstav. Sett i forhold til kor mange som nyttar nokre av stiane inn i nasjonalparken er det lite bos å finne. Ein par stadar i nasjonalparken er samlingar som kjem i kategorien bos. Dette gjeld i skogen og bak store steinar like innafor nasjonalparkgrensa i Briksdalen og to øydelagde bruver/restar av bruver ved høvesvis Tverrdalsvatnet innafor Anestølen og ved nybrua i Ruteflottdalen. I tillegg er brua framføre Brenndalsbreen stengt då eigar ikkje trur den er sikker å bruke lenger. Ved Skålåtårnet er fleire større plastsekkar steina ned. Det er utvisst kva innhaldet er. Oppryddinga etter «Skåla Opp» er i all hovudsak bra, men som regel er noko plastkoppar og band å finne.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt

Ved Briksdalsbreen og ved Skålåtårnet bør det avklarast kva som er bos og kva som er lagring og kva vilkår som er knytt til det. Øydelagde bruver, bruver som ikkje er sikre å bruke og restar etter bruver i nasjonalparken bør fjernast.



Diverse lagra utstyr/bos i nasjonalparken

Formidling og informasjon

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt.

Statistikken i **Feltdagboka** viser at til saman 415 personar er «informert» (snakka med om nasjonalparken og liknande) gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar og 269 personar gjennom føredrag og informasjonsmøte mm. Fleire av oppsynsturane og mange av turane knytt til oppfølging av tiltak er gjerne i lag med grunneigarar eller andre «brukarar» av nasjonalparken. SNO –lokalt har i år brukt noko tid på å vere med å bygge opp Barnas naturopsyn lokalt. Innafor Jostedalsbreen nasjonalpark sitt nedslagsfelt er dette førebels berre eit tilbod til alle 6-7.klassingar i Luster kommune. SNO-lokalt deltok med informasjon ute i samband med Fjellsportfestivalen i Sogndal i februar i år.



Barnas naturopsyn lærer om jervespor



Føredrag på nasjonal Stikonferanse

Andre arenaer for formidling og informasjon om Jostedalsbreen nasjonalpark i år har m.a. vore føredag for studentar, utplassering av student i ei veke, representasjon ved Bremuseet si jubileumsfeiring, tur med jubileumsmarkering av Flatbehytta, føredrag på nasjonal stikonferanse og hovudartikkel til aprilnummeret for «Fjell og Vidde» (DNT sitt medlemsblad og landets største friluftsmagasin) og i Årbok for Stryn Historielag. I tillegg så har lokalt SNO delteke på alle styremøta til nasjonalparken og bistått nasjonalparkforvaltaren i fleire forvaltningsrelaterte møte mellom anna med DNT og Bergen og Hordaland Turlag.

Kamperhamrane: Opning som Historisk vandrerute

Den gamle ferdslivegen mellom Raudalen i Skjåk og Sunndalen i Stryn vart i år «opna» under ei markering på Sunndalsetra. Før dette utførte dugnadsgjengar frå DNT og lokal turlag rydding og merking av ruta i samarbeid med SNO. Kring 150 personar deltok på arrangementet og SNO var med som turleiar og kaffekokar.



Markering på Sunndalsetra med taler og musikk framført av Arne Sølvberg



Frå v: Jostein Løvdal Riksantikvaren, Sven Flo, Rolv Kristen Øygard, ordførar i Skjåk og Nils Øveraa fra DNT

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Jostedalsbreen nasjonalpark er lett tilgjengeleg med mange innfallsportar med mykje interessant å formidle, ikkje minst innan geologi. Med store besøktal ligg det godt til rette for å ha naturformidlarar på slike stader. Dette kan vere eit godt supplement til nasjonalparksentrene. SNO vil halde fram med å informere og formidle om Jostedalsbreen nasjonalpark i ulike samanhengar ☺

Ved store innfallsportar til nasjonalparken er det viktig å få på plass informasjonsskilt så dei besøkande veit dei er i ein nasjonalpark og kan få høve til å lære litt om den.

Gernseskilting og informasjonsskilting

Grunna dei store snømengdene i vinter var mange grenseskilt («løveskilt») og nokre av dei blå informasjonsskilda øydelagde. Mange grenseskilt er skifta og dei øydelagde informasjonsskilda er fjerna. Det er under anbod nye type grenseskilt som skal tåle vêr og vind betre. Når det gjel informasjonsskila så blir ikkje dei erstatta før den nye merkevarestrategien er klar til bruk.



Fleire grenseskilt vart skift i sommar pga snøtyngde og därleg kvalitet på sjølve skiltplata



Ved vårstølen på Veitastrond vart det øydelagde informasjonsskillet fjerna

Informasjon om farane ved breane

Etter dødsulukka framføre Nigardsbreen i fjor vart det sett ned ei tverrfagleg gruppe for å gå igjennom moglege tiltak og endringar ved denne brefronten. Det vart bestemt å skifte ut dei eksisterande informasjonsskilda med enklare, tydlegare og meir internasjonale åtvaringsskilt. Dei same type skilta er no også bruk framføre dei ni aktuelle brearmane innafor Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oppsetting av skilt, og eventuelt bruk av sperregjerde vart organisert av lokalt SNO men i samarbeid med lokale aktørar som grunneigarar, reiselivsrepresentantar, politi og sjølvsagt forvaltninga. Ingen av aktørane har noko juridisk ansvar for å sette opp slik informasjon og gjerde ettersom det er fri ferdsel i utmark. Skilta vert difor å sjå på som informasjonsskilt og er ei felles interesse blant aktørane som er med «å trekke» folk mot breen at slik informasjon bør vere tilstades.



Briksdalsbreen



Kjenndalsbreen



Brenndalsbreen



Bødalsbreen



Haugabreen



Bøyabreen



Austerdalsbreen



Bergsetbreen



Skilt og enkle sperringar ved Supphellebreen

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Dei mest brukte brearmane med kommersiell breføring kring Jostedalsbreen er no Nigardsbreen, Austdalsbreen (innafor Styggevatnet), Haugabreen og Supphellebreen. Brenndalsbreen har blitt for bratt og utilgjengeleg for breføring. I år har det vore noko breføring på Tystigbreen opp mot Strynefjellet. I Jostedalen blir Tuftebreen og Fåbergstølsbreen noko brukt til brevandring/klatring av høgskular og i kursamanheng. Det same gjeld også Austerdalsbreen på Veitastrond.

Det er ein stor jobb å ha ettersyn med alle åtvaringsskilta og sperregjerda framføre ni ulike brear. Det bør avklarast ei fordeling av tilsynsansvaret.

Registrering og overvakning

Registrering av besökande

Det er ikkje utført ferdsselsregistrering i nasjonalparken i år. Dette har tidlegare vore gjennomført på nokre stiar og ved nokre innfallsportar til nasjonalparken.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Det kan vere aktuelt å gjennomføre nyteljing i dei områda der det har vore talt tidlegare. Det er registreringssystemet Eco Counter som har vore brukt. I det gamle tallmateriale er det nokre forstyrningar og eit lite brukarvenleg datalagringssystem. Den nye generasjonen teljarar kan sende data direkte til ein base viss det er tele-dekning der teljaren står.

Ved mange av innfallsportane til nasjonalparken er det bomvegar og det er parkering mot betaling nokre stader. I tillegg er det fleire registreringsbøker både i opne hytter og som trimpostar på støler og fjelltoppar. Dette er tall som kan vere interessant for forvaltninga å ha ei oversikt over og kunne følgje med på.

Artsobservasjon - rovvilt

SNO har eit ståande oppdrag på registrering av sjeldne plante- og dyreartar og svartelisteartar. Dette skal leggast inn i databasen artsobservasjon. Dette er registreringar som i liten grad er utført i Jostedalsbreen nasjonalpark og det er ikkje gjort registreringar i år.

I perioden januar og ut vintersesongen utfører SNO bestandskartlegging av jerv. Dette er det brukt ein del tid på i vinter og det er gjort fleire observasjonar av jervespor innafor og rett i nærleiken av nasjonalparken. Spesielt i området Fåbergstølen i Jostedalen er det observert mykje jervespor. Dette er også i område der det vart skote to jervar, ein hann og ei tispe i vinter under ekstraordinært uttag. Ei tispe vart også teken ut i Røykjedalen i Jostedalen. I tillegg er det frå møkk-prøve registrert ein hann-jerv til som har vore innom Fåbergstølsgrandane.



Jervespor ved Øy ved Fåbergstølsgrandane i Jostedalen

SNO er også med i program for nasjonal overvaking av kongørn. Nokre aktuelle område er plukka ut for intensiv overvaking. For nokre kjente reirlokalitetar er SNO-lokal involvert og desse ligg alle utanfor nasjonalparkgrensa.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Halde fram med arbeidet med bestandskartlegging og ekstensiv overvaking av kongørn. Ei meir intensiv overvaking/leiting etter andre aktuelle plante- eller dyreartar er tidkrevjande og må sjåast i samanheng med anna arbeid. Den sjeldne mnemosynesommarfuglen er kanskje den mest eksotiske arten som ein bør freista å kartlegge i nasjonalparken.

Kartlegging av funn smelta fram frå breen

I fjar vart det funne reinsdyrgevir som nyleg var smelta fram frå breen og som viste seg å vere gamle. Eitt gevir var ca. 2100 år gammalt og to andre frå 1400-1500-talet. Dette gav ny informasjon om reinen sin tidlegare ferdsel og informasjon om brehistoria. Forskar og professor ved Universitetet i Bergen, Atle Nesje, viste stor interesse for dette og det vart starta eit samarbeid mellom han, nasjonalparkforvaltninga og SNO på kvar det kan vere aktuelt å leite vidare. Det vart også etablert kontakt med kulturminnestyresmakta i tilfelle ein fann framsmelta gjenstandar.

No var vinteren veldig nedbørsrik og snøen låg lenge utover sommar og haust. Det vart difor berre gjort eit lite søk/leiting i eit av dei aktuelle områda som var peika ut. Dette var delar av området «Vest for Tunsbergdalsbreen».

Det er plukka ut leiteområde innafor nasjonalparken der det er stor sjangse for at breen har rørt lite på seg og også nyleg smelta slik at det kan vere mogleg å finne heile eller delvis heile funn. Desse områda er:

Mellan Sunndalen og Erdalen. utover frå Svartefjellet mot Sætrefjellet
Mellan Erdalen og Bødalens. utover mot Tomefjellet
Flatene der Bødalsbreen bikkjer ned
Meir kring Middagsnibba/Nonsnibba
Mellan Lovatnet og Oldevatnet. Melheimsnibba, Ramnefjellbreen
Foraegga-Sundebreen. Kjelkevarden - der ferdslevegen gjekk
Ved Flatsteinbu og inn mot breen
Opp for Stardalen ved Åmotsnibba mot 1731
Innafor Skyttarpiggen mot Austdalsberget
Småbreane i sør aust (Sogndalsdalen-Veitastrond-omr) er òg interessant
Kring Vivakulen
Fåbergstølsnosi-området
Nord for Nigardsbreen ved 1689
Steinmannen og kanten mot Tuftebreen
Vest for Tunsbergdalsbreen, Røykjedalsbreen - Breakulen - Vassdalsbreen

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Viss vêrtilhøve blir slik at det er mogleg å gjere nye søk neste år, så er dette interessant å få utført. Like viktig er informasjon ut til turgåurar for å fortelje kva dei skal sjå etter og kva dei eventuelt skal gjere viss dei finn noko.

Registrering av tekniske installasjoner

Det er ikkje gjennomført noko systematisk kartlegging av bygningar eller andre tekniske installasjoner i nasjonalparken. Det er derimot utført ein god del fotodokumentasjon som er klar til å leggast inn i verneområdeloggen. Dette vil bli utført i løpet av vinteren.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Halde fram med å registrere og legge dette inn i verneområdeloggen. Viss dette er eit større arbeid som ein ynskjer å få utført må ein vurdere tenestekjøp.

Omtale av tiltak

Restaurering av stiane opp Oldeskaret og Lundeskaret

I sommar og haust vart restaureringa av dei to gamle ferdslivegane opp Oldeskaret (Stryn) og Lundeskaret (Jølster) sluttført. Dette var arbeid som starta opp i fjor sommar og er utført av sherpaer frå Nepal gjennom firmaet til snekermester Geirr Vetti, og med Ole Runar Aabrekks frå Utmarksressurs som prosjekt- og arbeidsleiar. SNO var ansvarleg for arbeidet og det er nasjonalparkstyret som er eigar av prosjekta. Arbeida er utført delvis i lag med og delvis i dialog med grunneigarar, næringsutøvarar, kommune og turlag.

Til saman er det brukt kring 390 000 på begge restaureringsprosjekta i år. Dette er noko meir enn i første budsjettet (340 000), men det har vore mogleg å hente inn meir midlar frå andre prosjekt ved omdisponering.

I Oldeskaret er det utført i alt 440 sherpa-arbeidstimar i år. Det er utført ca. 80 meter murearbeid (steintrapper/hellegangar), ca. 90 m sti er utvida/endra profil (bredda) og det er bygd 6 steinsette stikkrenner. Saman med ein god ryddejobb på skog frå grunneigar og næringsaktør Inge Melkevoll i Oldeskaret, ein god praktisk innsats frå arbeidsleiar og arbeidet i fjor, så har dette blitt ein veldig flott sti opp til Gløvre med utsikt til Briksdalsbreen.


I Lundeskaret har sherpaene lagt ned 286 arbeidstimar i år. Det er bygd ca. 45 meter med ny muring (steintrapper) og ca. 50 meter med bredding av sti og mindre muring. Ei ny steinsatt stikkrenne. Den bratte stien og gamle ferdslivegen over Marabreen er no blitt tryggare å gå og nokre bratte og lause delar av stien er betre. I Lundeskaret vil det alltid rase ein del, så ein er ikkje sikker på kor lenge stien vil ligge, men det meste av det gamle trasèvalet har klart seg bra i mange år.



Arbeid på stien ved Gløvre i Oldeskaret. All steinen som vart brukta er henta frå nærområdet

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Det er naudsynt at ein går over stiane og sjekker vaiarane og steinsettinga kvar vår/tidleg sommar. Enkelt vedlikehaldsarbeid kan utførast då, men dersom noko av fagarbeidet er øydelagt så må det utførast av kunnig arbeidsfolk. Dette kan vere ein ukjent utgiftspost. For Lundeskaret er det utført ein klar avtale mellom grunneigar og nasjonalparkstyret. Det same bør kome på plass for Oldeskaret og må også kome på plass før ein startar opp eventuelle andre større restaureringsarbeid.



Oppfølging av dispensasjonsaker og tiltak

Lokal SNO freistar å følgje opp dei dispensasjonane og tiltaka som nasjonalparkstyret bestemmer. I tillegg blir det synfaringar som gjeld ønska tiltak frå bruksretthavar eller andre. Nokre aktuelle saker:

Ynskje om restaurering av stien innover Erdalen

Dispensasjonsak for bygging av avlastningsbygg ved Skålataårnet

Dispensasjonsak og økonomisk støtte til utbygging og vøling av Kvannebakkbu, Jølster

Dispensasjonsak og økonomisk støtte til bruar i Grøningstølsdalen, Haukedalen

Økonomisk støtte til ny bru i ovafor Hogrenning i Lodalen, rett utafor nasjonalparken

Økonomisk støtte til utedo på Haugafjellstølen, Jostedalen



Grunneigarar ynskjer å få restaurert den gamle setrevegen/stien innover Erdalen til Vetledalseter.



Bergen og Hordaland Turlag ynskjer å bygge eit avlastingsbygg ved Skålåtårnet. Mogleg høgde på taket er vist med stigen.



Sikringsbua Kvannebakkbu har fått ei utbetring med eit betre inngangsparti.



I Grøningstølsdalen er det sett opp fleire sommarbruver for å lette beitenæringa.



Ny bru over elva frå Austerdalen rett utafor nasjonalparken i Lodalen.



Ny felles utedo på Haugafjellstølen som ligg like utafor nasjonalparken i Jostedalen.

Vedlegg: Skjema A - Innspill og forventinger fra FM/områdestyrer til SNO på SNO's kjerneroppgaver

Prioritet (kategori 1/2/3)	Tema	Oppgave/merknader
1	Oppsyn	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.
2	Oppsyn	Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.
1	Kontroll	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker og halde generell kontroll med motorferdsel i nasjonalparken.
2	Grensemerking	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.
1	Vegleiing	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast.
2	Erfaring	Følgje opp nasjonalparkstyret, vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte når det trengs.

Vedlegg: Skjema B. Bestillinger fra forvatningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver

						Statusrapport fra SNO-L
Prioritet (kategori 1/2/3)	Beskrivelse av oppdraget	Metodebeskrivelse evnt henvisning	Rapportering - beskriv krav til rapportformat, lagringssted for rapporter, egenskapsdata etc	Rapporteringsfrist	Status (velg fra listen)	Medgått tid/kommentar
1	Registrering og bilete av faste installasjoner, t.d bruver, løveskilt, infotavler, etc.	Foto, gps	Verneområdeloggen	Fortløpende	Påstartet	Vil bli gjennomført før året er omme.
1	Oppfølging og registrering av vegetasjon og slitasje, Skålastien.	Spesielt viktig før og etter Skåla Opp. Oppfølging av vilkåra i løyvet til arrangementet.	Rapport og bilete	Etter løpet og etter sesongen	Påstartet	Fotodokumentasjon føreligg
1	Oppfølging av restaureringsprosjektet til Lundeskaret og Oldeskaret		Eigen delrapport til årsrapporten	Før jul	Gjennomført	Rapport.
3	Registrere ferdsløp på Skåla, i Brenndalen, i Austerdalen, Oldeskaret og Lundeskaret.	Ferdsløteljar	Verneområdelogg eller årsrapport	Etter barmarksesongen	Ikke gjennomført	Tidsprioritering.

	1	Gjennomføre informasjonstiltak framføre aktuelle brearmar i samarbeid med andre aktører.	Fortløpende dialog med forvaltar	Før turistsesongen	Gjennomført	Fotodokumentasjon.
	3	Kartlegge førekomstar av mnemosynesommerfugl, rovfugl, andre raudlista artar, samt svartelisteartar.	Generelt ute på synfaring	Verneområdeloggen, artsobs, forvaltar	Fortløpende	Påstartet Jervespor i samband med bestandskartlegging. Kongørn, rapportert til rovviltansvarleg.
	2	Bidra i prosessen med revideringa av forvaltningsplanen			Påstartet	Fotodokumentasjon som kan brukast.
	2	Bidra til prosjekt med infoskilt rundt nasjonalparken samt utføre reparasjon og vedlikehald der det trengs	Oppsetting av tavle, utbytting av øydelagde skilt m.m.	Fortløpende dialog med forvaltar	Gjennomført	Grenseskilt skifta og øydelagde informasjonsskilt fjerna.
	3	Fjerne søppel frå gammal ekspedisjonsleir ved Røykjedalsbandet	Årsrapport	I løpet av barmarkssesongen	Gjennomført	Med bistand frå fleire.
	1	Delta i prosjekt om kartlegging og innsamling av funn frå smeltande brear og isfonner	Rapport og biletet	Før jul	Påstartet	I liten grad gjennomført pga. for mykje snø.

	3 Samle opplysninger om gamle stier/ferdselsveier	Ikkje klarlagt enno	Ikkje klarlagt enno	Før jul	Påstartet	GPS-track føreligg på nokre stiar.
	3 Følgje opp tiltak i tiltaksplanen så langt det lar seg gjere		Fortløpande dialog med forvaltar	Fortløpande		



Statens naturopsyn (SNO)

SNO er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som utøver mynde etter Lov om statlig naturopsyn av 21. juni 1996. Lova gir SNO-personell tilsynsmynde og ansvar for oppsyn av følgjande miljølovar: friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfiskelova, markalova, småbåtlova og delar av ureiningslova i heile landet, både på offentleg og privat grunn. Oppgåva er todelt og rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden og tilsyn med menneske si åtferd i naturen i høve gjeldane regelverk. Ei viktig utfordring for naturoppsynet er skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Den nasjonale leiinga i SNO ligg i Miljødirektoratet i Trondheim og det heiltidstilsette lokale naturopsyn har arbeidsstad knytt til sitt geografiske oppsynsområde; totalt over 60 lokale kontor med til saman 296 fast tilsette mot utgangen av 2014, fordelt på 96 naturopsyn/naturrettleiarar, 144 rovviltnyttar fast tilsett på tilkalling, 28 fast tilsette sesongoppsyn i tillegg til 29 i den sentrale administrasjonen. Organisasjonen er delt i tre avdelingar med sju seksjonar; avdeling naturopsyn arter, avdeling naturopsyn areal og avdeling organisasjon og veiledning.

Hovudoppgåva er informasjon og rettleiing, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. Sentralt er tilsynet med dei 2750 verneområda i landet, og oppgåver innan rovviltnytt, m.a. bestandsregistrering og dokumentasjon av skader knytt til den lovfesta erstatningsordninga på bufe og tamrein. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. SNO har òg eit overordna ansvar for Skjærgårdstjenesten; ei interkommunal ordning med hovudansvar for skjærgårdsparkane mellom Bergen og Halden.

SNO samarbeider med andre aktørar innan naturopsyn som til dømes fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særleg er samordninga med politiet viktig når det gjeld kontrollloppgåvene. Samarbeidet med ulike aktørar er formalisert gjennom avtalar, rolleavklaringar og tenestekjøpsavtaler. Der SNO er tilstades i dei store verneområda er samarbeidet med områdestyrer og nasjonalparkstyrer viktig. I andre verneområde er det eit samarbeid med fylkesmannen og lokal forvaltning. Vidare har SNO ei rekke samarbeidspartnarar som naturinformasjonssentra, friluftsråd, ideelle organisasjonar innafor friluftsliv og naturforvaltning, landbruksorganisasjonar, reiselivsselskap, samt kommunar og bygdelag. SNO er framleis i vekst og utviklar seg i tråd med dei rammene som finst i forarbeid til lovar og gjennom styringsdialogen med Klima- og miljøverndepartementet.